



Hard idrett!

Her kjem eit nytt vers med bilete frå serien vår med limerickar frå facebook-sida *Limerickens beste venner*. Limerickane er skrivne av Olav Agnar Gausvik, og i alle har han henta inspirasjon frå morosame innspel og bilete med fine og underfundige tekstar som dei to padlarane Bjarte Eik og Øystein Enæs har posta på facebook.

I dagens Limerick er vi over i idrett av det tøffe slaget, og Bjarte Eik er meister for bilete med bilettekst som gav Olav Agnar Gausvik inspirasjon til å skriva denne ricken:

**At benkepressidrett er hardt, det
kan sannast av muskelmann Bjarte.
Trass i veltrena kropp
har han no gitt opp.
Det var moro så lenge det varte.**

Hugs å trena i sommarferien!

Nett: Thor Inge Døssland